

Samtykke til å oppretta elektronisk stafettlogg

Føremål

Føremålet er å gi samarbeidande tenester same tilgang til oppdatert informasjon om mål, tiltak, ansvar og evalueringar som det eg/me sjølv har om barnet mitt/vårt.

Opplysningar kan berre nyttast til det føremål som det er samtykka til. Det gjerast imidlertid merksam på at involverte instansar kan ha journalplikt jf. helsepersonellova § 39.

Målsetting

Målsettinga er å samarbeida betre om tiltak som er til barnets beste. Føresetnaden for ei slik målsetting er eit godt samarbeid og open kommunikasjon, noko den elektroniske stafettloggen er eit eigna verktøy for.

Kva inneber det for dykk å delta

Opplysningar om ditt/dykkar born vil bli lagra elektronisk. Det vil også bli lagra opplysningar om deg/dykk som føresett. Stafettlogg fungerer som eit digitalt møttereferat

I Stafettlogg *kan* kommunen kunne behandle følgande personopplysningar dersom det vert aktuelt, som må godkjennast av føresette:

- Identifisering og kontaktinformasjon, som namn, fødselsdato, adresse, e-postadressar og telefonnummer
- Opplysningar om innhald i ei sak, som søknad, vurderingar og innhenta opplysningar
- Opplysningar om sosiale tilhøve og utfordringar rundt oppvekst (Læring/læremiljø/behov/oppfølging mv.)
- Opplysningar om mål, tiltak, evaluering mv.
- Opplysningar om rase eller etnisk opphav
- Helseopplysningar
- Opplysningar om seksuelle tilhøve eller seksuell orientering
- Opplysningar om straffbare tilhøve og lovovertrедelser
- Opplysningar om ansvar/oppfølging føresette.

Opplysningar vert innhenta frå born, føresette, andre deltakarar i Stafettlogg, samt frå andre register som skuleadministrativt system (WIS) og folkeregister.

Opplysningar i Stafettlogg vert lagra elektronisk i kommunens digitale løysing Transponder som du som føresett vil ha lesetilgang til. Då Stafettlogg er arkiverdig vert informasjon også lagra i barnets elevmappe. Denne vert lagra i papirform og i kommunens digitale arkivløysing Acos Websak.

Det er frivillig å delta

Stafettlogg er eit frivillig tilbod. Viss de ønskjer at dykkar born skal få oppretta Stafettlogg, kan de når som helst trekke ditt/dykkar samtykke tilbake utan å oppgje nokon grunn. Stafettlogg vil då bli avslutta.

Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for ditt born om du/dykk vel å ikkje delta, eller på eit seinare tidspunkt ønskjer å trekke tilbake ditt/dykkar samtykke. Det vil ikkje påverke ditt/dykkar borns behandling eller forhold til skule/lærarar. Ditt born vil sjølvstendig ha rett på ordinære naudsynte tiltak basert på eventuelle utfordringar frå alle relevante instansar.

Stafettlogg er arkivverdig. Dette vil seie at opplysingar som allereie er ført i Stafettlogg ikkje vil bli sletta, men vil bli arkivert i elevmappe.

Stafettloggen vil bli sletta frå kommunens digitale løysing Transponder.

Det gjerast vidare merksam på at opplysingar nedfelt i Stafettlogg også kan vere journalpliktige jf. helsepersonellova.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og brukar dine opplysingar

Vi vil berre bruke opplysingane i Stafettlogg til føremåla vi har fortalt om i dette skrivet.

- Det er berre naudsynte personar (databehandlar, administrator og deltakarar i Stafettlogg) som vil ha tilgang til innhald i Stafettlogg. Når Stafettlogg vert arkivert i kommunens arkivløysing vert den lagra i skjerma mappe (elevmappe).
- Kommunen nyttar Transponder som digital løysing for Stafettlogg. Transponder er kommunens databehandlar. Kommunen har databehandlaravtale med Transponder. Transponder nyttar skyløysingar som Amazone og Heruku, med opphav i USA (3-land). Data lagrast innanfor EU/EØS.

Kva skjer med opplysingane når loggen vert avslutta?

Stafettloggen blir lagt inn i Websak 1 gang i året og blir lagra der etter arkivlova. Den blir då fjerna frå Transponder.

Dine rettar

Så lenge ditt born kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysingar som er registrert om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysingane,
- å få retta personopplysingar om deg,
- å få sletta personopplysingar om deg, og
- å sende klage til Datatilsynet om behandling av dine personopplysingar.

Kva gir oss rett til å behandle personopplysingar om deg / bornet ditt?

Vi behandlar opplysingar om deg / bornet ditt basert på ditt samtykke.

Kor kan eg finne ut meir?

Viss du har spørsmål til ordninga, eller ønskjer å nytte deg av dine retter, ta kontakt med:

Vårt personvernombod:

Kenneth Oppedal

Tlf. 900 61 958

E-post: personvern@bergen.kommune.no

Samtykkeerklæring

- Eg/me er gjort kjent med at formålet med innsyn og utveksling av opplysningar er å gi barnet best mogleg hjelpetilbod, og at informasjon som vert delt er avgrensa til det som til ei kvar tid er nødvendig.
- Eg/me er gjort kjent med kva det inneber å opprette ein stafettlogg, jf. «Stafettlogg - Dokumentasjon, samarbeid og god framdrift».
- Samtykket mitt/vårt gjeld så lenge barnet mottek hjelp. Eg/me er gjort kjent med at eg/me når som helst kan trekka tilbake samtykket skriftleg. Vidare behandling skal då opphøre.
- Eg/me er gjort kjend med at eksisterande stafettlogg ikkje kan slettast sjølv om samtykke vert tilbaketrekt då Stafettlogg vert rekna som arkivpliktig og vil følgje mitt/vårt born sin elevmappe.

Eg/me samtykker i at det vert oppretta ein elektronisk stafettlogg for mitt/vårt barn.

Sign. føresett (1)

Sign. føresett (2)